

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 02.10.2012 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik og Harald Hole
= 3 voterande

Arnfinn Rune Giske og Ruth Roald hadde meldt forfall.
Innkalla varamedlem kunne ikkje møte.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.
Frå Giske kommune møtte nestleiar ved Giske Omsorgsenter, Torill Austad og vikarierande einingsleiar Tone Urtegård i sak 21/12. I sak 22/12 og 23/12 møtte folkehelsekoordinator Ann Kristin Berg. Økonomisjef Sigmund Strand møtte også i sak 23/12.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 19/12

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. MAI 2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 7. mai 2012 blir godkjent.

SAK 20/12

VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 – GISKE KONTROLLUTVAL

Saksutgreiing datert 25.09.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til kr 50.000

SAK 21/12

PLEIEFAKTOR OG TILSYNSLEGEORDNING I DET NYE OMSORGSENTERET PÅ VALDERØYA

Tone Urtegård og Torill Austad orienterte.

I kommunestyresak 64/10 vart det m.a. vedteke at dersom den økonomiske situasjonen i kommunen betrar seg, eller at samhandlingsreforma tilfører nye friske midlar, må ein vurdere å oppgradere minst halvparten av plassane i GOMS til sjukeheimplassar.

Det vart også vedteke at legeteneste og pleiefaktor i GOMS må vere lik det ein har i sjukeheim.

Det vart opplyst at ved eit tal på 22 plassar er pleiefaktor uendra ved overgang frå sjukeheim til bukollektiv. I praksis kan pleiefaktoren variere frå periode til periode.

Dei to innkalla frå administrasjonen var ikkje kjent med ordlyden i kommunestyrevedtaket i sak 64/10 om at bebuarane skulle ha same legetenesta (tilsynslege) som i ein sjukeheim.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtaket i kommunestyresak 64/10 og konstaterer at dette vedtaket ikkje har blitt sett ut i livet. Kontrollutvalet rapporterer dette forholdet til kommunestyret slik at kommunestyret kan be rådmannen om ei nærare orientering.

SAK 22/12

ORIENTERING OM UTSKRIVINGSKLARE PASIENTAR FRÅ SJUKEHUSET I FORHOLD TIL BETALT STRAFFEGEBYR

Ann Kristin Berg ga ei orientering.

Frå 01.01.2012 til 17.09.2012 har kommunen motteke 126 varslingar om overføring. Økonomisk krav til kommunen var retta mot 16 av desse. Etter klage frå kommunen har kravet blitt redusert til å gjelde 4 personar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 23/12

BRUK AV LEASING TIL ANSKAFFELSE AV KØYRETØY OG MASKINAR I GISKE KOMMUNE (Omfang, retningsliner, kostnader osv.)

Ann Kristin Berg og Sigmund Strand ga ei orientering.

Kommunen sin bruk av leasing på køyretøy og maskinar er ikkje ubetydeleg. Kalkylar på prisforskjell mellom leige og kjøp er ikkje laga. Det vart opplyst at kommunen kunne ha lånt pengar til lavare rente i bank enn det leasingrenta utgjær. Samtidig vart det presisert at det på andre område kunne være innsparingar ved leasing. Totalt sett vart ordninga sett på som tilfredstillande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 24/12

**ORIENTERING VED KOMMUNEREVISJONEN OM
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET – RESSURSAR TIL
SPESIALUNDERVISNING (KVA ER GJORT, ARBEIDET VIDARE OSB)**

Skriftleg orientering om prosjektet vart gjennomgått.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 25/12

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – DRØFTING AV TEMA I FORKANT AV
FRAMLEGGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
nestleiar
(sign.)

Harald Hole
medlem
(sign.)